



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Julie Marie Andersen, 5557 2355  
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Vår dato  
09.08.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/9460 432.0  
Dykkar referanse

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185 Sentrum  
5804 BERGEN

### Uttale - Høyring - Forslag til forskrift om hausting av tare i Hordaland

---

- 1) *Måksteinen og Tovo naturreservat* ligg i Bømlo kommune, haustefelt 78D, og må få eit eige punkt i teksten.
- 2) *Litle Frilsøy, Hovden, Svarteskjeret og Innesøyane naturreservat* i Fedje kommune, ligg i haustefelt 141 E 142 B, men går også delvis inn i haustefelt **143 D**. Dette må rettast opp i teksten.

---

Fylkesmannen viser til høyringsbrev mottatt 08.07.2016 frå Fiskeridirektoratet om forslag til ny forskrift om hausting av tare i Hordaland. Fylkesmannen uttaler seg i hovudsak i høve til taretråling i naturreservat.

#### *Kort om bakgrunn:*

Fiskeridirektoratet skal fastsette ny forskrift om hausting av tare i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane innan 31.08.2016. Som del av ei arbeidsgruppe organisert av fylkeskommunen har Fylkesmannen vore med å vurdere kva utstrekning hausting av tare skal ha i Hordaland fylke. Med dette meinast kva område som skal vere opne og kva område som bør vere stengde. Grappa har tatt omsyn til ulike interessekonfliktar mellom taretråling og potensielle natur- og næringsinteresser i fylket. Fylkeskommunen har hatt forslag til ny forskrift om hausting av tare i Hordaland på høyring og Fylkesmannen har gitt innspel til dette. Sluttrapport blei sendt frå fylkeskommunen til Fiskeridirektoratet 22 juni 2016. Forslag til ny forskrift er no utarbeida av Fiskeridirektoratet og sendt på høyring.

#### *Fylkesmannens kommentarar:*

Fylkesmannen står ved tidlegare kommentarar i denne revideringsprosessen, men har eit par kommentarar til det endelege forslag til ny forskrift. Kartet er riktig i høve til dei stengde områda, men vi fann nokre manglar i teksten for avsnittet over stengde område (Avsnitt 4.4):

- 1) *Måksteinen og Tovo*. I teksten har denne blitt referert til Måksteinen naturreservat i Austevoll kommune (punkt 4). Dette er feil. Måksteinen og Tovo ligg i Bømlo kommune, haustefelt 78D, og må få eit eige punkt.
- 2) Kartet viser at haustefeltet for det stengde området «*Innesøyane-Medfjordbåen* som inkluderer Litle Frilsøy, Hovden, Svarteskjeret og Innesøyane naturreservat» i Fedje

kommune, fortsetter inn i haustefelt **143 D** (dvs. at naturreservatet strekker seg over haustefelt 141 E 142 B og 143 D).

Med helsing

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernsjef

Julie Marie Andersen  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

FMC Biopolymer AS	Postboks 2045	5504	HAUGESUND
Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Norges Kystfiskerlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Norges Fiskarlag	Postboks 123 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Havforskningsinstituttet i Bergen	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN